

Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/3378 - 21/34612

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
25.05.2021

## **Førebels svar og varsel om utvida saksbehandlingsfrist - gbnr 217/4 Romarheim**

Tiltak: Riving av eksisterande bustadmasse og oppføring av ny bustad, garasje, tilkomstveg og avløpsanlegg  
Byggjestad: Gbnr: 217/4  
Tiltakshavar: Eivin Høiland  
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.01.2021 med revidert søknad mottatt 14.04.2021. Vi beklagar sein tilbakemelding og eventuell ulempe dette har medført.

### **Varsel om utvida saksbehandlingsfrist**

Bygningsmasse på eigedomen som skal rivast er Sefrak-registrert med byggeår oppgitt til fjerde kvartal 1800-talet. Kommunen vurderer at det kan vera kulturminneverdiar knytt til bygningsmassen som det er søkt om rivingsløyve for. Kulturverntenesta vil føreta synfaring. Det er derfor behov for å forlenga saksbehandlingsfristen med den tid det tek å få innhenta uttale frå kulturverntenesta.

Avgjerda er heimla i plan- og bygningslova § 21-8 og byggesaksforskrifta § 7-3 2. ledd.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har etter gjennomgang av søknaden følgjande merknad:


- Søknaden må supplerast med terrengprofil langs fasade nord og sør for bustad og tverrprofil veg. Terrengprofil langs bustad må førast heilt fram til grensa mot gbnr 217/2. Terrengprofil mot nord bør også førast forbi garasje.
- Det går fram av den geologiske vurderinga av ras knytt til etablering av veg på gbnr 217/4 at «Tomta settes i sikkerhetsklasse S2. Største nominelle årlege sannsynlighet settes til 1/1000». Er dette å forstå som at tomta tilfredsstiller krava til S2?
- Søknaden omfattar garasje med bygd areal på 80 m<sup>2</sup> som også ligg innanfor faresona for ras- og skredfare. Før vi kan ta stilling til søknaden om garasje må det

liggja føre geologisk vurdering av risiko for ras for utløysings- og utløpsområde. Dersom det vert avdekket risiko/fare, må tilstrekkeleg tryggleik mot ras vera gjennomført eller dokumentert før det kan gjevast løyve til tiltak. Vi ber om tilbakemelding på om den geologiske vurderinga også omfattar omsøkt plassering av garasje.

### Situasjonsplan



### KDP Lindås med faresone ras- og skredfare



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **21. juni 2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Eivin Høiland

Modalsvegen 14

5994

VIKANES

**Mottakarar:**

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSEN